



## Saksframlegg

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/620-1

### Fylkesrådet for funksjonshemma – skriv og meldingar

#### Framlegg til vedtak:

#### Sekretæren rår fylkesrådet for funksjonshemma til å gjere slikt vedtak:

- 1) Fylkesrådet tek orienteringane til vitande
- 2) Fylkesrådet ber sekretariatet utarbeide informasjonsmateriell og førehandsinformasjon om seminartilbodet 3. april 2013

#### Vedlegg:

1. Notat frå samferdsleavdelinga som svar på spørsmål frå Norunn Lunde Furnes
2. NAV sin presentasjon frå møtet 2. desember 2013
3. Brev til kommunale råd - Rapport frå fylkesfunksjonshemmarådet sin studietur og handlingsprogram for fylkeseldrerådet
4. SOR konferansen 24. og 25. april 2014 i Bergen
5. invitasjonen til arbeidsverkstader
6. Rapport frå studieturen til Venlo, Nederland
7. Fagakademiet tilbyr kurs for rådet og rådet sin sekretær – rådsarbeid
8. Infobrev nr 1-2014 frå Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane

Andre dokument som ikkje ligg ved: Ingen

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Skriv og meldingar

- a) Notat frå samferdsleavdelinga (vedlegg)
- b) Pensjonistforbundet 12/12
- c) Nav sin presentasjon 9/12 (vedlegg)
- d) Utsending og opptrykk av rapporten frå studieturen – følgjebrev til alle kommunale råd i fylket (vedlegg)
- e) Svar på spørsmålet (vedlegg) frå leiaren i fylkesrådet for funksjonshemma har i e-post av 10.d.m. bedt om fylgjande: «Eg kan nemne at eg ynskjer informasjon og kontakt med t.d. drosjenæringa til møtet i februar - på det som gjeld drosjer for rullestolbrukarar og kvifor prisane er så høge, høgre enn for andre kundar som bestiller taxi. Kva statlege og fylkeskommunale verkemiddel finst for å motverke isolasjon hos menneske som er avhengige av skyss, og som er i ei gruppe som tradisjonelt mottek trygd. Døme vart nemnt i innlegg på Fylkestinget i dag, frå Jorunn Eide Kirketeig i Førde.»
- f) Liste over kommunale råd – rekneark vert presentert i møtet den 6. februar

- g) Invitasjon til arbeidsverkstad – utsendt til rådsmedlemmene for eingenvurdering og påmelding (vedlegg)
- h) Høyringsbrev og forskrift om Arbeids og Utdanningsreiser for menneske med nedsett funksjonsevne – sett opp som eiga sak
- i) SOR-konferansen 24. og 25. april i Bergen, Scandic Bergen City hotell. Selvbestemmelse til besvær. (vedlegg)
- j) Jf. invitasjonen til arbeidsverkstader (Plan og samfunnsavdelinga i fylkeskommunen inviterer til arbeidsverkstader rundt regional plan for folkehelse. Vi er avhengige av brei deltaking av personar, instansar og organisasjonar for å få fram kva som er dei viktigaste samfunnsoppgåvene vi har knytt til folkehelse, samt å peike ut oppgåvene som folkehelseplanen bør ta tak i.) (vedlegg)
- k) Landskonferanse 2014 - Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne, Vest- Agder (vedlegg)
- l) Skal råde nytte den oppsette politikardagen 26.mai som arena for å komme med innspel, ytringar og/eller presenter sitt arbeid? Kva skal i tilfelle vere tema?
- m) Fagakademiet inviterer til kurs for «rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne» Dei skriv i innbydinga:

*Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne skal være et samhandlings- og rådgivende organ for kommunen/fylkeskommunen i saker som angår funksjonshemmede. Dette kurset gir en innføring i arbeidsområdet og i rådets handlingsrom. Det blir gitt plass til erfaringsdeling.*

#### **For hvem/målgruppe**

*Medlemmer, varamedlemmer og sekretærer i kommunale og fylkeskommunale "Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne" (heretter benevnt som Rådet). Politikere, saksbehandlere og andre interesserte.*

#### **Kursets formål**

*Gi deltakerne innsikt i og kunnskap om Rådets viktige rolle for å sikre medvirkning i lokalmiljøet. Det enkelte lokalsamfunn må hele tiden bevisstgjøres for at rettigheter og velferd skal bli ivaretatt. Skape forståelse av hvor viktig det er at Rådet er tidlig aktiv og pådrivende for å sikre at besluttende organer har Rådets syn/uttalelser med seg i sine behandling og vedtak. Etablere gode rutiner for Rådets arbeid.*

#### **Konferansen/seminaret 3. april 2014**

Ein førebels arbeidstittel for seminaret: **Arbeid for alle, dropp out vs drop inn - arbeid er roten til alt godt!** Desse punkta under er meint som ein refleksjon av dei innspel som kom fram i møtet den 2. desember samt ei skisse til vidare arbeid. Skei Hotell i Jølster har lagt inn ei førebels reservasjon for eit seminar den 3. april for om lag 50 deltakara.

Rådet ønskjer ein konferanse/seminar i 2014, datoen 3. april er sett. Det har komme fleire ulike innspel frå rådet, men det overordna temaet for seminar eller det faglege innhaldet var *arbeid*. Spesielt har rådet vore opptekne av dei som «*fell ut*» fleirtalet sine løp. Det vere seg ordinert skulegang, fag- eller yrkes opplæring og anna vidaregåande opplæring. Rådet fokuserte også på dei som ikkje kjem seg ut i ordinert arbeid. Tore Thorsnes sitt innlegg i førre møte den 2. desember 2013 fokuserte på unge funksjonshemma. Levekårs undersøkingar fangar om fleire potensielle arbeidstakarar mellom denne gruppa som er svært ulike personar som møter ulike behov i samfunnet for å kunne fungere. Det er eit paradoks at desse ikkje i like stor utstrekking er å finne att i NAV sine arbeidssøkarlister. Vår eigen organisasjon – fylkeskommunen – er IA-verksemnd, og har såleis forplikta oss på tre delmålsetjingar. Delmål to er å rekruttere og behalde personer med redusert funksjonsevne.

#### **Om det faglege innhaldet**

Fagleg innhald/innleiarar (alt for mange innspel her, vi må prioritere):

- Dropp-out problematikk – fylkeskommunen sitt syn på dette problemet (belyst med tall, med tiltak og med analyser for framtida – rådgjevar Sissel Espe er sett på oppdraget)

- NAV sin ståstad for å finne, motivere, pre kvalifisere, formidle og vidare kvalifisere menneskjer som elles har vanskar med å vere i ordinert arbeid (NAV har sett av dagen for oss)
- NAV om IA-avtalen og dei verkemidlane (råd, instrumentel støtte, økonomiske støtte etc)
  - Partar her er arbeidsgjevar, NAV og fylkeshovudtillitsvalde
- Verksemder og bedrifter sin oppleving av å rettleie tilsette og kvalifisere
- Interesseorganisasjonar sine syn på korleis dei kan motivere sine medlemmar og om kva hindringar dei ser medlemmane sine vert møte med i samfunnet
- Høgskulestudent Anne Pia Nygård – ung og funksjonshemma (innspel i møtet: har skrive hovudoppgåve om tema og har personlege røynsle)
- Partane i arbeidslivet – LO, NHO, Staten samt organisasjonar på lågare nivå

#### **Målgruppa:**

- Alle kommunale råd for menneskjer med funksjonshemmingar
- Relevante interesseorganisasjonar
- Potensielle arbeidsgjevarar (kan jo vere alle, men siktar her på dei med erfaringar. Det er også slik at off. sektor har mest å gå på i høve privat sektor)
- Leiinga /fagpersonar frå grunnskuleutdanninga i kommunane
- Fagpersonar frå fylkeskommunen – skuleeigar av vidaregåande opplæring i fylket
- Representantar frå våre skuleiningar (Eid vg skule m.f. har erfaringar med å gi tilbod til multihandikapa)

#### **Korleis organisere seminaret-** fleire alternativ:

- Kan vere ei rekkje med førelesingar etter innleiing frå rådet sin leiar
- Kan vere færre innleiingar med innlagde summe grupper (IGP Individuelle tenking, summing to og to /grupper og så ein plenumsdrøfting)
- Kan vere fleire innleiingar med større gruppe arbeid, framlegging i plenum og eit forsøk på oppsummering
- Opning ved leiar, innleiing etter ein raud tråd med biter av dialog med tilhøyrarane etter kvar økt
- Innleiing, forelesingar og ein avsluttande paneldebatt med innleiarane og open for dialog med publikum

**Programmet** – arbeidsøkt i rådet sitt møte den 6. februar må avklare og bestemme følgjande spørsmål:

- Kva skal seminaret heite?
- Kven gjer kva?
- Målgruppa for seminaret?
- Faglege tema i seminaret?
- Innleiarar – kven skal halde dei ulike faglege innleiingane?
- Organiser sjølve seminaret – form?
- Framdriftsplan?